

MultiConsult:

Kommentar til MC sin omtale av
Marint miljø; 3.6.2: Generell områdebeskrivelse:

«Dalsfjorden er en trang og lukket fjord uten stor vannutskifting».

Det motsette er tilfelle. Med unntak for eit litt grunnare parti nord av Kjøsneset er Dalsfjorden ein relativt smal men likevel open fjord utan tersklar. Elles vert fjorden gradvis grunnare innanfor Nishamaren (Dalsfjordbrua).

Med tilførselen av ferskvatn frå store elvar/vassdrag som Gaularvassdraget, Storelva med Laukelandsfossen, Fossedalselva, Storelva i Dale (med tillegg av Guddalsvassdraget via Flekkefjorden) og elvane i Gjøllanger, Lone, Rivedal og Holmedal; er påstanden meningslaus.

Pga den store ferskvasstilførselen vert det skapt mykje straum i fjorden.

Ved langvarig vind frå vest, vert det elles oppstuvning av tyngre sjøvatn innover i fjorden, noko som kan føre til eit skråstilt sjikt mellom tungt sjøvatn og lettare ferskvatn. I slike periodar er vasshøgda større enn i farvatnet utanfor fjorden. Når vinden så snur, for eksempel til austavind, fossar vatnet ut fjorden igjen, gjerne med ekstra effekt frå avrenning av ferskvatn frå vassdraga i området. Ved botnen er det sjølvsagt mindre straum enn nærmare overflata, men likevel ikkje mindre straum enn andre fjordbasseng ein kan samanlikne med.

Dalsfjorden er difor ingen «trang og lukket fjord uten stor vannutskifting».

Skal sprengmassar lagrast på botnen av fjorden, må desse lagrast i dei aller djupaste partia, dette for å hindre spreining av finmassar. Det må dessutan takast spesielt omsyn til akvakultur-anlegga i fjorden.